



Pro Invenia
Kalfarveien 72 A
5022 BERGEN

Referanser:
Dykkar: Blombakken4
Vår: 16/2187 - 16/20208

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.07.2016

Fritak frå søknadsplikt for oppføring av mobilantenne - gbnr 137/671 Alver

Vi viser til dykkar førespurnad i brev datert 04.07.16 i høve erstatting av eksisterande mobilantenne med nye antenner på fasade samt oppgradering av eksisterande basestasjon. Det er bedt om fritak frå søknadsplikt for tiltaket. Det er opplyst at det ligg føre avtale om rett til bruk med heimelshavar.

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Ikenberget. Del av gnr. 137 Reg. endring/planid.: 1263-200711. Arealet er i nemnde plan avsett til blanda føremål - forretning/industri.

På bakgrunn av den skildringa som er sendt inn og angitt plassering, jf. fotomontasje og vedlagte kart, har Lindås kommune foretatt ei vurdering av tiltaket.

Vurdering:

Det følgjer av plan- og bygningslova § 20-5 1.ledd bokstav g at kommunen kan fritta mindre tiltak frå søknadsplikt der kommunen finn grunnlag for det.

I dykkar brev datert 04.07.2016 er det vist til at tiltaket ikkje fører til store endringar og vil vere lite synleg i omkringliggjande strøk. Det er difor av søkar vurdert å ikkje vere naudsynt med nabovarsling, kommunen legg søkjar si vurdering til grunn jf. pbl § 21-3.

På bakgrunn av det som går fram i dykkar brev, så finn Lindås kommune at tiltaket vil vere i samsvar med føremålet i gjeldande reguleringsplan og inngå i infrastrukturen (kommunikasjonsnett) i området.

Det er vist til at det ligg føre grunneigar avtale. Nemnde avtale er ein føresetnad for å etablere og halde fram med etablert kommunikasjonsanlegg på eigedom gbnr. 137/671.

Etter ei heilskapleg og konkret vurdering av det skisserte tiltaket, er Lindås kommune si vurdering i denne saka at det er grunnlag for å gje fritak for søknadsplikt for skildra tiltak.

Fritak frå krav om søknadsplikt gjev ikkje fritak frå materielle krav i plan- og bygningslova med forskrift. Vi gjer merksam på at mellombels/permanente antenne med ei høgd på over 15 meter over terreng/vatn vert



å rekne som eit luftfartshinder jf. forskrift om rapportering m.m. av luftfartshinder § 2, slike tiltak skal rapporterast til Statens kartverk seinast 30 kalenderdager før igangsetting av endring, riving eller oppføring av luftfartshinder jf. byggesaksforskrifta § 6-6.

Avgjerda etter plan- og bygningslova § 20-5 1.ledd bokstav g er ei prosessleiande avgjerd som ikkje kan påklagast. Avgjerda gjev ingen private rettar.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Pro Invenia

Kalfarveien 72 A 5022

BERGEN